

Mathilde

Rapport om vedlikehald 2017

Vedlikehald av riggen

Mast, bom og andre rundholt i tre



Me fann noko råte i fleire av bommane på Mathilde vinteren 2016/17. I 2017 har me difor laga ny storbom og ny klyver og jagarbom. Breifokkråa vart høvla noko ned (for at ho skal bli lettare).

Alle rundholt har vorte olja i løpet av sesongen.

Høvling av emne til klyverbommen. Foto HFS



Gamle bommar vert heist på land. Foto HFS.

Segl

Me har gått over og sydd fast alle lik i alle seil, og reparert småskadar. Alle lik har blitt impregnert med blanding av talg, lyse og tjøre.

Alle segl ,utanom storseglet, vart barka denne hausten.



Mannskapet i arbeid med barkingen. Foto HFS.

Ståande rigg

Alt av ståande rigg har i løpet av året vorte lappsalva.

Løpende rigg

Noko tauverk har vorte skifta i den løpende riggen.

Alle blokkar vart tatt frå kvarandre, kontrollert, impregnert og smurde.

Vedlikehald av motor og andre tekniske installasjoner

Motor

Motor er gått over av mekanikar. Anodar, impellere, olje- og dieselfiltere vart skifta. Eksos, rør og slangar har me kontrollert.

Alle pumpar om bord er blitt ettersett og ordna.

Sentralvarmesystem

Fyr kjel og sentralvarme, alle rør og koplingar er gått over og kontrollert. En del rust fjerna og røyr malt.

Hjelpemotor

Motor er gått over av mekanikar. Anodar, impellere, olje- og dieselfiltere vart skifta. Eksosrør og slangar er kontrollert.

Elektriske installasjoner

Alle elektriske installasjoner er kontrollert.

Alt sikkerhetsutstyr (radioutstyr, nødpeilesendar, radartranspondere, brannsløkkingsutstyr, nødrakettar, linekastere, redningsvestlys, flåtar og medisin) er klassa.

Det vart i år montert ledd-lys i heile båten. Slik reduserer me brannfare, og sparar straum.

Navigasjonsutstyr

Me har framleis utfordringar knytt til AIS.

Tankar

1 gråvannstank, 2 septiktankar og 2 vasstankar tømt , rengjort og kontrollert for lekkasjar.

Vedlikehald og utbetringar under dekk og i byssa

I lugarane

Alle lugarane blei grundig rengjort etter sesongen, også under dørken.

På banjer

Bordene er matta og lakka.

Kistene grundig vaska etter sesongen.

Skap og banjer vaska ned, også under dørken.

Dørken og leider vart malt, også benkefrontane malt.

Benkeflatene i pantryet er matta og lakka.

Hengekøyene vaska etter sesongslutt.

I byssa

Byssefestet er matta og lakka, og stag rustbanket og malt opp igjen.

Innvendig byssa vasket grundig ned etter sesongen, Dørk og brønn i byssa er malt opp igjen.

Komfyr og gass installasjon er reingjort og kontrollert for lekkasje. Vask og rør system og vann låser kontrollert og reingjort etter sesongen.

Kjøleboks på dekk og grønsakskasse er vaska, malt eller lakka.

Toalettrom

Grundig nedvask etter sesong.

Vask og rør system og vasslåser kontrollert og reingjort etter sesongen.

Dørkar vart vaska og bona.

Benkeplater vart matta og lakka.

Arbeid utført ved slippsetting



Spyling av heile skroget.

Drev opp igjen om lag 12 støyter og stevn-natet akter på babord side. Fylte natene med ny natemasse (30 kg!).

Skifta om lag 2-3 skipsspikar i botnen.

Skroggjennomføringar og bunkranar tatt ut og inspisert av sjøfartsdirektoratet.

Nyggel tatt ut.

Båten spylt og vaska innvendig mellom hud og garnering og i skutebotnen.

Skiftet offeranode.

Foto HFS.

Årlig bunnbesiktelse vart gjennomført av sjøfartsdirektoratet.

Stoffing av undervass-skoget.

Olja hekk og ror.

Malte grønnmaling på skutesida akter.

Klassing




Foto HFS.

Skroggjennomføringer og bunnkranar vart tatt ut og inspisert av sjøfartsdirektoratet.
Årlig bunnbesiktelse gjennomført av sjøfartsdirektoratet ved slipping.

Alt sikkerhetsutstyr (radioutstyr, nødpeilesendar, radartransponder, brannsløkkingsutstyr, nødrakettar, linekastere, redningsvestlys, flåtar og medisin) er og klassa før seglingsesongen.

Me fekk eit pålegg under klassinga 2017. 2 rakettkastarar var utgått på dato, og let seg ikkje erstatta då fabrikken hadde gått i lufta. Me ventar stadig på at dette skal koma i orden.

Vedlikehald av dekk, rekke, dekkshus og anna på dekk

Topprekke, hekks-bjelkar og naglebenker

Skrapt ned og oljet.

Innvendig skansekledning og rekkestøtter

Rengjort for å bli kvitt grønske. Oljet og malt.

Dekk

Dekket blir i drift sesongen daglig spylt med sjøvann.

Dekket har en gått over og rabatert flekkvis og etterfylt med bek.

Dekk, skanndekk og støtter har fått to strøk med olje.

Innerspeil og rorkult har fått fleire lag olje.

Luftingane til tankane (svanehalsar) er rustbanket og malt. Byssetaket malt.

Ruff, lasteluke og nedgangar

Alle nedgangar (3 stk.) er skrap og malt.
Ruff og lasteluke er skrap, oljet og malt.

Utstyr på dekk

Krøppel spill smurt og malt.
Kjettingkassene spylt og reingjort, oljet og lokka er malt.
To skorsteinar og deksflensar rustbanka og malt.
Alle livbeltekasser (5 stk.) er vasket og lokkene malt.
Bosstønner og toalettvassstønner, brannpøser er vasket og oljet.
Fortøyningsrister og stativ oljet og malt.
Mann overbord utstyret er ettersett.

Hekksbåt


Eit spant skiftet på heksbåten. Skrog, årer, tiljer og tofter malt (linoljemaling) og oljet.

Vedlikehald av skrog

Roret

Alle rorbeslag vart sveist opp igjen under slippsettinga.

Fribord og skansekledning



Oljet og malt hele fribordet.

Røstjerna er banket og malt grundig, også opp til jomfruene med nålepistol.

Skansekleddning malt utvendig.

Ankerklyss og halgatt er rustbanket og malt.



Skipperen i arbeid!